



**Fjord**  
kommune

# **Alkoholpolitiske retningslinjer 2025 – 2028**

**Tildeling av sals- og skjenkeløyve**

***UTKAST***

## Innhold

<b>1. Tildeling av sals- og skjenkeløyve i Fjord kommune</b> .....	<b>4</b>
1.1 Regelverk.....	4
1.2 Mål for løyvepolitikken.....	4
1.3 Saksbehandlingsreglar.....	4
<b>2. Generelt regelverk</b> .....	<b>5</b>
2.1 Mynde og delegering.....	5
2.2 Definisjonar.....	5
2.3 Aldersgrenser.....	5
<b>3. Prinsipp for utøving av sals- og skjenkeløyvepolitikken</b> .....	<b>6</b>
3.1 Tildeling av sals- og skjenkeløyve i Fjord kommune.....	6
3.2 Type stad og målgruppe.....	6
3.3 Næringspolitiske omsyn.....	6
3.4 Omsyn til offentlig ro og orden, og til samfunnet elles.....	6
3.5 Høyringsinstansar.....	7
3.6 Lengda på løyveperioden.....	7
<b>4. Salsløyve</b> .....	<b>7</b>
4.1 Salstider.....	8
4.2 Retningslinjer for salsløyve.....	8
<b>5. Skjenkeløyve</b> .....	<b>8</b>
5.1 Alminneleg skjenkeløyve.....	8
5.2 Verksemder som kan få skjenkeløyve i Fjord kommune.....	9
5.3 Skjenkeløyve for enkelthøve.....	9
5.4 Ambulerande skjenkeløyve.....	9
5.5 Villkår for skjenkeløyve for enkelthøve og for ambulerande skjenkeløyve.....	9
5.6 Unntak frå løyveplikta.....	9
5.7 Særlege tilfelle.....	10
5.8 Villkår til ansvarlege for skjenkeløyve.....	10
5.9 Skjenketider.....	10
Ansvarleg vertskap.....	10
<b>6. Om søknaden</b> .....	<b>10</b>
6.1 Søknadsskjema.....	10
6.2 Saksbehandling.....	10
6.3 Saksbehandlingstid.....	11
<b>7. Kontroll med sals- og skjenkeløyve</b> .....	<b>11</b>

<b>8. Reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet .....</b>	<b>11</b>
8.1 Sanksjonar ved brot på alkohollova .....	12
8.1.1 Følgjande lovbrod fører til tildeling av åtte prikkar .....	12
8.1.2 Følgjande lovbrod fører til tildeling av fire prikkar .....	12
8.1.3 Følgjande lovbrod fører til tildeling av to prikkar .....	12
8.1.4 Følgjande lovbrod fører til tildeling av ein prikk .....	12
8.2 Saksbehandling i kommunen ved tildeling av prikkar .....	13
<b>9. Gebyr for sal og skjenking .....</b>	<b>13</b>
9.1 Gebyr .....	13
9.2 Omsetningsoppgåve .....	13
<b>Kjelder .....</b>	<b>14</b>

# 1. Tildeling av sals- og skjenkeløyve i Fjord kommune

## 1.1 Regelverk

Følgjande set rammer og føringar for dei alkoholpolitiske retningslinjene i Fjord kommune:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (1989) – Alkohollova
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (2005) – Alkoholforskrifta
- Lov om serveringsvirksomhet (1997) – Serveringslova
- Ruspolitisk handlingsplan for Fjord kommune 2021-2024

## 1.2 Mål for løyvepolitikken

Føremålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol vert omsett på lovleg vis. Kommunen skal regulere omsetning av alkohol med mål om å avgrense samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføre. Alkohollova skal medverke til å begrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer i samfunnet.

- a. Gjennom dei alkoholpolitiske retningslinene skal kommunen legge til rette for ein heilskapleg og samla alkoholpolitikk.
- b. Retningslinene skal også vere ein styringsreiskap for å sikre forsvarlege vurderingar av lokalisering, sals- og skjenkestadar, løyveperiode, vandel og alkoholfrie møtestadar.
- c. Løyvetildelinga skal vere i tråd med gitte statlege og kommunale retningsliner.
- d. Retningslinene skal systematisk sikre at sals- og skjenkestadar rettar seg etter gjeldande regelverk.

## 1.3 Saksbehandlingsreglar

- a. Sal, skjenking og tilverking av alkoholhaldig drikk berre kan skje på grunnlag av løyve, jf. [alkohollova §1-4a](#).
- b. Kommunen har ansvar for den utøvande løyvepolitikken etter den alkohollovgevinga som til ei kvar tid gjeld. Dette gjeld tildeling av løyve, kontroll av sals- og skjenkestadar og sanksjonar ved eventuelle avvik.
- c. Før alminnelege skjenkeløyve vert gitt til ein serveringsstad, skal det også ligge føre løyve etter serveringslova.
- d. Kommunen sitt regelverk og regulering av sals- og skjenkerregelverket er viktige verkemiddel for å redusere alkoholrelaterte skadar. Eit løyve til å selje eller skjenke alkohol er ingen rett. Kommunen skal vektlegge helse og sosialpolitiske omsyn på best mogleg måte, samstundes som det er viktig å ta næringspolitiske omsyn.

## 2. Generelt regelverk

### 2.1 Mynde og delegering

**Kommunestyret er løyvemynde ved behandling av alminnelige sals- og skjenkeløyve.**

- Vedta ruspolitisk handlingsplan og alkoholpolitiske retningslinjer
- Godkjenne sals- og skjenkeløyve
- Inndrage løyve

**Mynde delegert til formannskapet**

- Behandle klagesaker som gjeld brot på alkohollova med inntil 12 prikkar.

**Mynde delegert til kommunedirektøren**

- Søknadar om serveringsløyve
- Søknadar om ambulerande løyve
- Søknadar om løyve for enkelthøve
- Utviding av eksisterande løyve for enkelthøve, også utviding av skjenkeareal
- Godkjenne endring av styrar og reservestyrrar for tildelt løyve
- Fastsette frist for innlevering av omsetningsoppgåver
- Berekne løyvegebyr
- Kontroll med sals- og skjenkeløyve
- Prikktildeling etter brot på alkohollova med inntil 12 prikkar.

### 2.2 Definisjonar

- Alkoholfri drikk: inneheld under 0,7 % vol.
- Alkoholsvak drikk: inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 % vol.
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 1**: inneheld over 2,5 % og høgst 4,7 % vol.
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 2**: inneheld over 4,7 % og under 22 % vol.
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 3**: inneheld mellom 22 % og 60 % vol.

### 2.3 Aldersgrenser

- Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 har aldersgrense 18 år.
- Alkoholhaldig drikk i gruppe 3 har aldersgrense 20 år.

Aldersgrensene gjeld for gjestar, kundar og tilsette. Unntak for tilsette gjeld for visse fagbrev, lærlingar og andre under opplæring i slike fagbrev.

Tilsette på sals- og skjenkestadar har ved tvil om alder både plikt og rett til å krevje legitimasjon.

## 3. Prinsipp for utøving av sals- og skjenkeløyvepolitikken

### 3.1 Tildeling av sals- og skjenkeløyve i Fjord kommune

- a. Det vert ikkje sett noko særskilt tak på talet på skjenkeløyve i perioden 2024 – 2028.
- b. Det vert ikkje gitt sals- eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kiosk, bensinstasjon og serveringsstadar i tilknytning til desse.
- c. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve til arrangement der barn og unge under 18 år kan delta.
- d. Alle sals- og skjenkestadar må syte for god tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne.

### 3.2 Type stad og målgruppe

I vurderinga av om løyve bør tildelast kan kommunen mellom anna leggja vekt på følgjande: Jamfør alkohollova § 1-7a

- a. Talet på sals- og skjenkestadar i kommunen
- b. Sals- eller skjenkestaden sitt driftskonsept – storleik og utforming av lokala
- c. Målgruppe – om staden trekk til seg barn og unge
- d. Lokalisering – omsyn til bumiljø, trafikk- og ordensmessige tilhøve og lokalmiljøet elles
- e. Løyvesøkar sin vandel

Både sals- og skjenkeløyve vert tildelt for eit særskilt driftskonsept og er knytt til definert lokale og eigartilhøve. Eigar skal omgåande melde frå om endringar til kommunen, og er pliktig å søke ny godkjenning. Det same gjeld ved skifte av dagleg leiar, sals- og skjenkestyrar.

### 3.3 Næringspolitiske omsyn

Ved vurdering av næringspolitiske omsyn kan følgjande leggast til grunn:

- a. Unngå monopolsituasjonar og forskjellsbehandling.
- b. Om sals- eller skjenkestaden har lærlingordning
- c. Ønskje om å stimulere utviklinga i visse delar av kommunen.
- d. At kommunen er ein del av ein turistregion.
- e. Løyvepolitikken skal vere føreseieleg og med retningslinjer som gir næringa konkurransevilkår og godt driftsgrunnlag. Kontroll av tildelte løyve skal sikre at sal- og skjenking skjer i tråd med lover og retningslinjer.

### 3.4 Omsyn til offentleg ro og orden, og til samfunnet elles

Ved vurdering av omsyn til offentleg ro og orden kan følgjande forhold leggast til grunn:

- a. Omsynet til eit godt bu- og oppvekstmiljø
- b. Om området generelt eller staden spesielt tiltrekkjer seg støy og uro.
- c. Politiet skal uttale seg både om søkjaren sin vandel og om sjølve søknaden. Eventuelle problem i forhold til ro og orden vil kome fram av politiet sin uttale. Negative uttalar i forhold til dette omsynet går inn i vurderinga i kvar enkelt sak.

### 3.5 Høyringsinstansar

- a. Ved søknad om alminnelege sals- og skjenkeløyve skal det hentast inn uttale frå politiet, sosialtenesta v/NAV og frå styresmaktene for skattar og avgifter.
- b. Ved behov kan det også hentast inn uttalar frå andre kommunale faginstansar, grunneigar, sameige og andre som saka vedkjem.

### 3.6 Lengda på løyveperioden

- a. Kommunalt løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan verte gitt for periodar på inntil fire år, og med opphøyr seinast 30. september året etter val av nytt kommunestyre. Slike løyve kan dessutan bli gitt for ein bestemt del av året, og for eit bestemt høve. Dersom kommunen etter kommunevalet har teke ein gjennomgang av dei alkoholpolitiske retningslinjene og vurdert løyvepolitikken, kan kommunen vedta at løyve ikkje skal opphøyre. Føremålet med dette er å bruke ressursane på ein annan og meir effektiv måte dersom ei fornying etter kommunen sitt skjøn ikkje er naudsynt for å trygge alkoholpolitiske omsyn.
- b. Tildelte sals- og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje naudsynt å søke fornying av løyve etter fire år. Vedtak i Fjord kommunestyre 25.06.2020.
- c. Kommunen skal hente inn ny vandelsvurdering av løyvehavarane kvart fjerde år.
- d. Eventuell endring av styrar/vara for styrar skal meldast inn fortløpande og seinast innan fire veker etter endringa.
- e. I følgjande tilfelle må det likevel søkjast om nytt løyve:
  - Ved eigarskifte
  - Ved brot på vilkår som er sett i løyvet.
  - Ved for mange tildelte prikkar.
  - Ved innspel frå politiet om mykje uro, bråk eller andre forhold på staden eller i området.
  - Ved merknadar på vandel.

## 4. Salsløyve

### Jamfør alkohollova § 3

- a. Alle salsstadar som skal selje alkoholhaldig drikk må ha salsløyve frå kommunen.
- b. Fjord kommune kan gi salsløyve for alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 % vol. til daglegvarebutikkar og spesialbutikkar.
- c. Det kan også gjevast løyve til sal av alkoholhaldig drikk produsert i eiga verksemd dersom det ligg føre [godkjent tilverkingsløyve](#). Løyve kan berre verte gitt ved produksjon på salsstaden slik at produksjon og sal vil utgjere ein del av staden sin heilskaplege karakter og salstilbod. jf. [alkohollova § 3-1b](#). Dette kan vere gardsutsal og bryggeri eller anna.
- d. Det vert ikkje gitt løyve til sal og skjenking i same lokale. Om vilkåra i [alkohollova § 3-1c](#) er oppfylt så kan det bli gitt slikt løyve.

#### 4.1 Salstider

- a. Salstider for øl og sider i butikkane:  
Kl. 08.00 – 20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag  
Kl. 08.00 – 18.00 på dagar før søndagar og heilagdaggar.
- b. Det er ikkje lovleg med sal på søndagar og heilagdaggar og 1. og 17. mai.

#### 4.2 Retningslinjer for salsløyve

- a. Det vert lagt vekt på at søkjar har gode rutinar rundt salet når det gjeld aldersgrense på kjøpar og seljar, kontroll med salet, opplæring av tilsette og handheving av regelverket for sal av alkoholhaldig drikk.
- b. Det bør vere eit fysisk klart skilje mellom drikk med og utan alkohol.
- c. Det vert lagt vekt på korleis søkjar kan sikre at alkoholhaldig drikk ikkje er tilgjengeleg for forbrukar utanom kommunen sine vedtekne salstider for alkohol.

### 5. Skjenkeløyve

#### Jamfør alkohollova § 4

- a. Alle serveringsstadar som skal skjenke alkoholhaldig drikk må ha skjenkeløyve frå kommunen.
- b. Kommunen kan tildele faste skjenkeløyve for alle tre alkoholgruppene samla, berre for gruppe 1 eller for gruppe 1 og 2.
- c. Det kan også bli tildelt skjenkeløyve for eit ope arrangement ved eit bestemt høve, eller for eit lukka arrangement ved eit enkelt høve.
- d. Det kan søkjast om utandørs skjenking tilknytt serveringsstaden. Utandørs skjenkeareal skal vere tydeleg avgrensa med gjerde eller liknande. Søknaden skal innehalde kartskisse over uteområdet.
- e. For å sikre at alkohollova sitt regelverk om skjenking til mindreårige eller tydeleg påverka personar blir følgt, er det krav til forsvarleg vakthald ved skjenkeområdet. Ved større arrangement og skjenkestadar som har eit stort tal gjestar, skal vaktene vere godkjende av politiet. Brannvesenet skal også ha melding.
- f. Det vert ikkje gitt løyve til sal og skjenking i same lokale. Om vilkåra i [alkohollova § 3-1c](#) er oppfylt så kan det bli gitt slikt løyve.
- g. All form for reklame for alkoholhaldig drikk er forbode.

#### 5.1 Alminneleg skjenkeløyve

- a. Alminneleg skjenkeløyve vert gitt som eit fast skjenkeløyve til ein bestemt stad.
- b. Løyvet kan gjelde for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
- c. Løyve for gruppe 2 inkluderer alltid gruppe 1, og løyve for gruppe 3 inkluderer alltid gruppe 1 og 2.

## 5.2 Verksemdar som kan få skjenkeløyve i Fjord kommune

- a. Hotell/overnattingsstadar Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3
- b. Restaurantar Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
- c. Pubar Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
- d. Kaffibarar og kafear Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
- e. Lokale bryggeri eller anna Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.

## 5.3 Skjenkeløyve for enkelthøve

- a. Det kan bli gitt skjenkeløyve for enkelthøve. Enkelthøve er opne arrangement som festival, konsert, bygdafest, dans og liknande.
- b. Det må vere ein styrar og ein reservestyrrar for løyvet, og desse må ha uklanderleg vandel.
- c. Ved større arrangement vert det stilt ei rekkje krav til arrangøren. Eit større arrangement vert rekna som eit arrangement som er tilgjengeleg for ålmenta, og der det er eit visst farepotensial ved uføresette hendingar. Det finst eigne rettleiarar for slike arrangement, til dømes «Rettleiar for tryggleik ved store arrangement» utarbeidd av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.
- d. Opne arrangement vert ikkje tildelt løyve i gruppe 3.

## 5.4 Ambulerande skjenkeløyve

- a. Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, og gjeld i slutta selskap.
- b. Løyvet kan gjelde for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
- c. Ambulerande løyve vert gitt til slutta selskap. Slutta selskap betyr at det allereie før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krets av inviterte personar i eit bestemt lokale. Arrangementet må ikkje vere ope for utanforståande. Det er ikkje nok at ein før skjenkinga tek til, skriv seg på ei liste eller kjøper billett.

## 5.5 Vilkår for skjenkeløyve for enkelthøve og for ambulerande skjenkeløyve

- a. All skjenking av alkoholhaldig drikk mot ei eller anna form for vederlag/betaling krev løyve.
- b. Ansvarleg skjenkestyrar må vere fylt 20 år.
- c. Det er ikkje krav til bestått kunnskapsprøve i alkohollova.
- d. Løyvehavar er ansvarleg for at skjenkinga går føre seg etter gjeldande lover og reglar og skal ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.
- e. Skjenketida følgjer skjenketidene som er vedtatt for Fjord kommune.

## 5.6 Unntak frå løyveplikta

- a. Det er mogleg å skjenke og drikke alkohol utan skjenkeløyve i lokale som er leigd eller lånt ut til privatpersonar for eit enkelt bestemt høve, som bryllaup, åremålsdagar, slektstreff og andre jubileum.
- b. Det er ein føresetnad at skjenkinga i slike høve skjer vederlagsfritt.

- c. Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale.

## 5.7 Særlege tilfelle

I særlege tilfelle og etter nærare vurdering kan kommunestyret sjølv gjere unntak frå typar driftskonsept omhandla i pkt. 5.2 med omsyn til tildeling av alminneleg skjenkeløyve.

## 5.8 Vilkår til ansvarlege for skjenkeløyve

- Alkohollova sine vandelskrav til løyvehavar, styrar og reservestyrrar må vere oppfylt, jf. [§1-7b](#).
- Styrar og reservestyrrar må ha bestått kunnskapsprøva om alkohollova.
- Dagleg leiar må dokumentere bestått etableringsprøve etter serveringslova.

## 5.9 Skjenketider

Jf. [alkohollova § 4.4](#)

- a. Gruppe 1 og 2 (øl og vin):
  - Kl. 10.00 – 02.00 for innandørs skjenking.
  - Kl. 10.00 – 02.00 for utandørs skjenking.
- b. Gruppe 3 (brennevin):
  - Kl. 13.00 – 02.00 for innandørs skjenking.
  - Kl. 13.00 – 02.00 for utandørs skjenking.
- c. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Skjenketid er lik utleveringstid.

## Ansvarleg vertskap

Fjord kommune ønskjer eit trygt og triveleg uteliv med ansvarleg vertskap innan skjenking. Kommunen oppmodar difor tilsette innan skjenkebransjen å ta [Helsedirektoratet sitt e-læringskurs](#) som gir innføring i alkohollova, alkoholen sin verknad på kroppen, konflikthandtering og andre utfordringar.

# 6. Om søknaden

## 6.1 Søknadsskjema

Det skal søkjast via elektronisk søknadsskjema på Fjord kommune si nettside. Der er det også informasjon om opplysningar og vedlegg som skal følgje søknaden.

## 6.2 Saksbehandling

Alle søknadar som sals- eller skjenkeløyve vert vurdert i samsvar med alkohollova sitt regelverk og lokal ruspolitisk handlingsplan.

### 6.3 Saksbehandlingstid

- a. Saksbehandlingsfristen på søknadar om sals- og skjenkeløyve som skal avgjerast av kommunestyret er inntil fire månader frå kommunen har motteke komplett søknad. Om fristen vert overskriden vil det ikkje seie at søknaden vert sett på som innvilga, jf. [alkoholova § 1-11](#).
- b. Eigarskifte og utviding av areal krev også ny behandling. Ved eigarskifte kan ny eigar søkje om å selje eller skjenke alkohol på tidlegare eigar sitt løyve i inntil tre månadar, medan kommunen behandlar ny søknad om løyve. Det vert føresett at ny søknad om løyve er sendt til kommunen innan 30 dagar etter dato for overtaking.
- c. Søknadar om ambulerande skjenkeløyve har søknadsfrist minimum tre veker før arrangementet, og skal behandlast innan denne tidsfristen.
- d. Søknadar om skjenkeløyve for enkelthøve har søknadsfrist minimum tre veker før arrangementet, og skal behandlast innan denne tidsfristen.

## 7. Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Med heimel i [alkoholova § 1-9](#) har Fjord kommune ansvar for kontroll med utøving av kommunale sals- og skjenkeløyve.

- a. Føremålet med kontroll er å sikre at sal og skjenking føregår innanfor rammene av gjeldande lov og regelverk.
- b. Kontroll av sals- og skjenkestadane i Fjord kommune vert gjennomført av privat vaktsselskap etter avtale med kommunen.
- c. Sals- og skjenkestadane skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier det, og minimum ein gong kvart år, jf. [alkoholforskrifta § 9-7](#). Det totale talet på kontrollar skal tilseie tre gongar talet på sals- og skjenkestadar i kommunen.
- d. Kommunen skal sikre at kontrollen til ei kvar tid er føremålstenleg, etter vurdering av lokale tilhøve.
- e. Skriftleg rapport etter kontroll skal sendast løyvehavar for uttale samstundes som han vert sendt til løyvemynde.

## 8. Reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet

### [Alkoholforskrifta § 10-2](#)

- a. Kommunestyret har delegert til kommunedirektøren prikktildeling etter brot på alkoholova med inntil 12 prikkar. Kommunedirektøren gjer enkeltvedtak om tildeling av inntil 12 prikkar.
- b. Kommunestyret har delegert til formannskapet å behandle klagesaker etter brot på alkoholova med inntil 12 prikkar.

## 8.1 Sanksjonar ved brot på alkohollova

Alkoholforskrifta regulerer utførleg reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter. Reglane vart sett i kraft 1. januar 2016, og er delt inn i fire grupper, jf. [alkoholforskrifta § 10-3](#):

### 8.1.1 Følgjande lovbrod fører til tildeling av åtte prikkar

- Sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år – blir sett på som eit av dei grovaste brota på alkohollova.
- Brot på plikta om å hjelpe personar som treng det.
- Brot på kravet om forsvarleg drift.
- Hindring av kommunal kontroll.

### 8.1.2 Følgjande lovbrod fører til tildeling av fire prikkar

- Sal og utlevering til person som er synleg påverka av rusmiddel.
- Skjenking til person som er, eller som det er innlysande at ein trur blir, påverka av rusmiddel.
- Brot på sals-, utleverings- og skjenketidene.
- Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 til person på 18 eller 19 år.
- Brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenkar alkoholhaldig drikk.

### 8.1.3 Følgjande lovbrod fører til tildeling av to prikkar

- Det vert gitt adgang til lokalet til person som er synleg påverka av rusmiddel.
- Løyvehavar sørger ikkje for at person som er synleg påverka av rusmiddel forlet lokalet.
- Manglar ved løyvehavar sin internkontroll.
- Manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist.
- Manglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist.
- Brot på krav om styrar og reservestyrrar.
- Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden.
- Gjentatt diskriminering.

### 8.1.4 Følgjande lovbrod fører til tildeling av ein prikk

- Brot på kravet om alkoholfrie alternativ.
- Brot på reglar om skjenkemengde.
- Konsum av medteken alkoholhaldig drikk.
- Gjestar tek med alkohol ut av lokalet.
- Brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad.
- Brot på vilkår i løyvevedtaket.
- Brot på reklameforbodet.
- Andre lovbrod som er omfatta av alkohollova.

## 8.2 Saksbehandling i kommunen ved tildeling av prikkar

1. Kommunen mottek melding om brot frå kontrollørar eller andre mynde.
2. Kommunen sender førehandsvarsel om prikktildeing.
3. Løyveharar har høve til å kome med forklaring og tilleggsopplysningar, eller gå imot påstand om brot. Svarfristen er to veker frå motteke førehandsvarsel.
4. Kommunedirektøren gjer vedtak om tildeling av prikkar.
5. Ein eventuell klage vert behandla i formannskapet. Statsforvaltaren er endeleg klageorgan dersom vedtaket vert oppretthalde.

Dersom ein løyveharar får tildelt til saman 12 prikkar over ein periode på to år skal kommunestyret inndrage løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i denne to-årsperioden vert tildelt meir enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke inndragingsperioden tilsvarande, jf. [alkoholova § 10-2](#).

## 9. Gebyr for sal og skjenking

### 9.1 Gebyr

- a. Alle som har eit fast sals- eller skjenkeløyve skal kvart år betale gebyr for løyve til kommunen.
- b. Gebyret vert rekna ut frå talet på omsette liter av øl, vin og brennevin. Ved låg omsetning må det likevel betalast eit minimumsgebyr. Kvar av alkoholgruppene er prisa ulikt, og det er ulike prisar for sal og skjenking.
- c. Gebyra for sal og skjenking er fastsett i alkoholforskrifta, og vert endra med verknad frå 1. januar kvart år.
- d. Dei som får tildelt ambulerande skjenkeløyve eller løyve for enkelthøve skal også betale løyvegebyr. Dette vert kravd inn som eit fast eingongsgebyr når løyvet vert tildelt.
- e. Gebyr for ambulerande skjenkeløyve er for tida kroner 440. Gebyret blir justert årleg i samsvar med sentrale forskrifter.
- f. Gebyr for enkelthøve er kroner 1 500.
- g. Gebyra som vert kravd inn skal nyttast til kommunen si utøving av førebyggjande arbeid og til kontroll med sals- og skjenkestadane.**

### 9.2 Omsetningsoppgåve

- a. Faste sals- og skjenkestadar skal kvart år levere omsetningsoppgåve med opplysningar om talet på omsette liter alkoholhaldig drikk. Stadfesting på tala ved rekneskapsførar skal leggast ved.
- b. Opplysningane skal sendast inn via elektronisk skjema på Fjord kommune si nettside.
- c. Omsetningsoppgåva dannar grunnlaget for berekninga av gebyret. Faktura vert sendt til løyveharar så snart omsetningsoppgåva er kontrollert og i orden.
- d. Fristen for innlevering av omsetningsoppgåve er 1. mars kvart år.

## Kjelder

- [Alkohol - Helsedirektoratet si informasjonsside](#)
- [Alkoholforskrifta - Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) - Lovdata](#)
- [Alkoholova - Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholoven\) - Lovdata](#)
- [E-læring - Helsedirektoratet sitt e-læringskurs om ansvarleg vertskap](#)
- [Rettleiar for tryggleik ved store arrangement – Direktoratet for tryggleik og beredskap](#)
- [Ruspolitisk-handlingsplan for Fjord kommune 2021-2024 \(pdf\)](#)
- [Serveringslova - Lov om serveringsvirksomhet \(1997\) – Serveringslova](#)